

STRATEGI FOR FILATELISTISK NETTLIV? TANKAR UNDER COVID-19

Alle piler peikar mot skjermen, meldar avisa Dag og Tid fredag 6. november 2020. Det er skuleboka si framtid som journalist Per Anders Todal set på dagsorden. Vert det bøker att i skuleverket eller går det mot ein fulldigitalisert skulekvardag? Og det er ikkje berre covid-19 som påverkar digitaliseringa, om du skulle tru det. Nei, Forleggerforeningen ser uansett føre eg stadig fleire fullverdige digitale læremiddel. Konsekvensane er mange, men eg skal ikkje diskutera dette vidare. Det er likevel eit uttrykk for at dei generasjonane som kjem etter oss får eit heilt anna forhold til ny teknologi og nettbruk enn oss som framleis kan hugsa telefonar av bakelitt med talskive.

Det eg tenkte å melda var at pinsetten også peikar mot skjermen. Den filatelistiske og posthistoriske verda har for alvor vorten digitalisert. Eg skulle difor ønskja meg at nokon undersøkte kor mykje tid frimerkesamlarar og posthistorikarar tilbringar framfor ein datamaskin – gjerne sett opp mot tilsvarande tradisjonelle aktivitetar. Min hypotese er at datamaskinen vinn stort. For kva er det eigentleg me held på med.

Me er medlem i ymse grupper på sosiale medium med filatelistisk og posthistorisk innhald. Me deltek på online-auksjonar og les auksjonskatalogar på nett. Får me tilslag går betalinga via nettbank eller vipps. Arkivverket og Nasjonalbiblioteket tilbyr arkiv på nett med mykje spanande materiale for interesserte frimerkesamlarar og posthistorikarar. På youtube.com ligg det presentasjonar og føredrag. Nokre frimerkeklubbar har eigne nettsider med medlemmene sine utstillingssamlingar, og vil du montera sjølv vert albumsidene til ved hjelp av datamaskinen.

Den digitale filatelistiske aktiviteten er dramatisk aukande, og det til tross for at eg og mine kollegaer har ein gjennomsnittsalder på linje med bebruarane på ein aldersheim. Alder er ikkje til hinder for å vera med på showet.

By og land og post i butikk

Ein føremon med den digitale verda er at fråstand ikkje spelar noka rolle lenger. Sjølv har eg flytta frå byen – frå Åsane til Strandvik. På ei nettside står det at Strandvik er ein landsby i Bjørnafjorden kommune. Det er vel så nær ein kan koma sanninga. Naturen er fantastisk, og folk er hyggelege og hjelpsame, men postalt og filatelistisk har det sine utfordringar. I Åsane hadde eg postkassa to trapper ned – her må eg ut og hundre meter bort i vegen til postkassestativet – i all slags vær. Før var det 15 minutt spasertur til næraste post i butikk – no vert det 15 minutt biltur. Og produksjon av heimeavla fyrstedagsbrev kan eg gløyma, men det gjeld jo for dei fleste når no snart alle postkontor med stempel er lagt ned.

Eg har vore godt vand med frimerkeklubbar også – både BFK og Striletaggen hadde møter i rimeleg nærleik. Slike godar kan ikkje Strandvik by på. På sett og vis har eg altså distansert meg. Men – eg klagar ikkje – for eg har fiberkabel i veggen og heile verda er i røynda tilgjengeleg.

Konsekvensar av Covid-19

I mars råka viruset heile verda med restriksjonar og stenging som resultat. Dette gjaldt sjølvstøtt også frimerkeklubbar, frimerkeutstillingar og andre aktuelle arrangement. I denne situasjonen var det at **Slettebakken Frimerker Posthistorie Postkort (SFPP)**, ei heller privat (analog) diskusjonsgruppe, konkluderte med at tida var inne for å testa ut nettmøte. Sidan 6. april har me hatt eit møte i veka, og gruppa har no sju medlemmer.

Gruppa har nytta programmet Zoom. Det er mogleg å lasta ned ein gratis versjon, men då er det berre høve til å arrangera møte på inn til 40 minutt. Administrator i gruppa har hatt tilgang til ein utvida lisensbasert versjon der det ikkje er avgrensing på møtetid. Det er ok, for rett som det er går diskusjonane føre seg i to-tre timar med utgangspunkt i ulike aktuelle problemstillingar, innspel og korte presentasjonar. Elles finst sjølvstøtt mange alternative applikasjonar til Zoom.

For andre som har lyst å setja i gang er mine røynsler så lang:

1. Løysinga har vore enkel å bruka – deltakarane får invitasjon på e-post frå administrator og klikkar på ei lenke når møtetida nærmar seg. Deltakarane har nytta pc, mac eller iPad for å kopla seg opp. Det har ikkje vore særlege tekniske utfordringar.
2. Det er ein føremon med fast administrator – i alle fall i ein startfase.
3. Zoom-møte med 5 til 8 deltakarar fungerer som ei god erstatning for ordinære klubbmøte.
4. Møtesekvensane har vore så pass lange at dette forsterkar inntrykket av at behovet for diskusjon og formidling vert teke vare på.
5. Etter kvart som gruppa vert vane med den digitale møteplassen kjem også det sosiale elementet meir til sin rett.

Større arrangement på nett

Nettmøta har vore så pass vellukka at gruppa eg er med i fann ut at det var på tide å få med fleire deltakarar. Så langt i haust har me arrangert to opne møte med over 20 deltakarar. Responsen har vore så god at me kjem til å halda fram med dette initiativet. Møta vert kunngjort via heimesider og facebook-grupper. Me har også hatt eit møte med nokre av dei landsomfattande foreiningane som naturleg nok slit med å møtast anna enn i Oslo eller under utstillingar. Eg har høyrte at det kjem til å skje noko på dette området – så følg med.

På sett og vis er det berre fantasien som set grenser for korleis desse digitale verktøya kan nyttast. Til dømes kunne Filatelistforbundet arrangera Frimerkeskule for heile landet ved

hjelp av nettmøte; ein time annankvar veke frå januar til mai 2021 – det hadde vore noko å sjå fram til.

Og berre for seia det. Dette er eit internasjonalt fenomen. Føredrag, møter og utstillingar i den filatelistiske verda er i ferd med å verta digitaliserte. Eg trur dette berre er byrjinga. Dei første forsiktige skritt. Potensialet og moglegheitene er enorme.

Strategi for digital filateli

Klassiske frimerkesamlarar står i frimerkeklubb. Den (fysiske) klubbstrukturen består elles av nokre tidsskrift og nokre (stadig færre) frimerkebutikkar. Per 1. januar 2019 (Kjelde: Landsmøtehefte 2019) hadde Norsk Filatelistforbund 82 klubbar – talet på klubbar går ned. I desse klubbane var det 2736 hovudmedlemer – medlemstalet går ned. Eg er ikkje særleg optimistisk for framtida til dette konseptet – sjølv om denne vaksinen som alle snakkar om snart er tilgjengeleg.

Men eg har eigentleg god tru på framtida for frimerkesamling og posthistorie. Og eg trur at dei digitale løysningane vil vera med å stimulera til aktivitet – både i små grupper og nasjonalt / internasjonalt.

Framtida kjem veltande over oss uansett kva me gjer. Men det går an å organisera seg, og å forsøka å etablera nettverk der alle kan delta. Etter mi meining burde Filatelistforbundet bidra her. Det er viktig med ein dugande norsk aktør med ansvar for å synleggjera norsk filateli og posthistorie også i ei digital tid. Det hastar med å koma i gang.